

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnенr.	II	Fylke:	O p l a n d .
Tilleggsspørsmål nr.		Herad:	Etnedal
Emne:	Ymse attåtfor	Bygdelag:	Heile bygdi
Oppskr. av:	Lærar Mattin Lundstein	Gard:	
(adresse):	Bruflat	G.nr.	Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Isamråd med Gjertrud Bræie  
84 år
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

I

Rötter, bregner og blom.

Ikke brukt her som foring.

II

Tang og tare

Ikke brukt her.

III

Annet for av planter:

Erterris blir alltid brukt her som foring, skore saman med med halm til hakkels. På plassar og mindre bruk ser ein no jamt at dei sankar geitrams (*Epilobium augustifolium*) til grisefor. Kveke (*triticum repens*) har av sume vore nytta til foring. Uppgrave eller upphorva av åkeren blir den då skyllt godt i vatn, og då skal kyrne like den bra.

IV

Hestemökk har her i bygden før vore nytta mangestads som nødfor i vårnipa, ikkje einast, men kokt saman med skraplauv, formo, agner, litt salt og gjerne litt mjöl, um dei hadde råd til det. På gardar hadde dei alltid höve til å koke mökka ute, men det hende at den hjå småårsfolk vart kokt inne og -huff-. Til gr-is veit ein ikkje av at hestemökk har vore nytta. So vidt ein veit har hestemökk ikkje vore brukt til dyremat her på 50-60 år no.

### Sörpefor

Sörpe til kyrne er ikkje mykje i bruk no. Rett nokk  
kallar mange det sörp når kyrn får blöyt hakk med  
mæl miöl på. Men varm sörp brukast ikkje utanum når  
kyri har kalva. Då brukar mange å fylle ei stor byt-  
te eller eit spenn med godt höv og slå på varmt  
vatn. Dette er nokk ålment brukta både på større og  
mindre bruk.

So vidt ein veit er raunebær ikkje noko nytta til  
dyrefor her..

Drank, mask og fiskeafall nyttast ikkje her

1799

NORSK ETHNOLOGISK GRANSKING